

Gunnar Skirbekk

## Privatisert språknormering

I 1953 vart Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur oppretta, etter initiativ frå m.a. Arnulf Øverland, mannen som uttala at «... 'bokmål' er ikke noget sprog, men en chikane,... dette offentlige klovneri.» «Det er sinkenes babel...»

I ettertid, i festskriftet for Riksmålsforbundet, sa riksmålsmannen Lars Roar Langslet dette: «Bokmål og samnorsk ble heretter jevnbyrdige navn på det riksmålsbevegelsen bekjempet.»

I Klassekampen 13. februar går Nils Heyerdahl, preses i det nemnde akademi, inn for at denne institusjonen, «opprettet til vern om det norske riksmål» (statutt § 1), bør få den juridiske retten til å normere bokmålet, den retten som det demokratisk oppnemnde Språkrådet har i dag.

Umiddelbart verkar framlegget politisk umusikalsk og lite tillitvekkande. Det yppar til strid: å privatisere normeringa av bokmålet, eit offisielt nasjonalspråk, og dét i regi av ein sjølvoppnemnd institusjon med ei kontroversiell forhistorie.

Heyerdahl nemner ingenting om alt dette. Derimot viser han til andre nasjonalspråk (engelsk, tysk, fransk og svensk), med den underforståtte premiss at situasjonen med tanke på normering er den same for bokmålet som for desse språka. Men det er å underslå det unike, det eineståande ved det norske bokmålet slik vi kjenner det i dag: Det at eitt skriftspråk, her dansk, stegvis blir endra, inntil det omsider framstår som eit nytt språk. Det finst ikkje maken. Og det tok si tid. Først i 1919, 105 år etter 1814, vart ei bok publisert både på dansk og på den tids bokmål. Stikkordet er fornorsking. Og som rimeleg kan vere, det rår ulike syn på kor langt og kor fort denne fornorskingsprosessen bør gå. Ulike syn, mellom anna ut frå klasse og kor ein bur i landet.

Heyerdahl hevdar vidare at det ved tvang er innført «et stort antall valgfrie former i bokmålet». Litt påfallande, kanskje, å tale om tvang når det blir opne for valfridom. Men, framfor alt, Heyerdahl underslår at det på riksmålshald, fram mot endringane i 2005, vart ivra for at det skulle bli tillatt å bruke fleire dansknære former i bokmålet, t.d. ved at alle norske hokjønnsord kan omgjerast til felleskjønn – «kuen», «huldren», «merren», «hurpen», «vårønnen», «på fyllen», «ta rotten på», etc. Dette førte til at bokmålet fekk ei mengd med dobbeltformer. Ironisk nok. For riksmålsfolk har tradisjonelt kjempa for ei stram normering.

I akademiets statutt (§2) kan vi lese at institusjonen vil «tilstrebe en normering av riksmålet (!) med grunnlag i dets ... aktuelle bruk.» Altså, normering ut frå aktuell bruk. Men så veit vi at dei store mediebedriftene i dag bruker retteprogram for bokmålet der mange vanlege former, slik som «boka», «sju», «fram» etc., automatisk blir endra til «boken», «syv» og «frem». Det skjer ikkje berre med bokmålstekstar skrivne av medarbeidarane, men også med innsende tekstar. Utan at forfattarane blir spurde, og utan at blir opplyst om dette, til lesarane. På toppen av det heile skal så normeringa skje ut frå den «aktuelle bruk»! Derfor spørsmålet: meiner akademiet at mediebedriftene bør slutte med denne (fordekte) språkpolitiske praksisen?